



Rune Stavnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2363 - 20/5786

Saksbehandlar:
Madeleine Fønnes Aase
madeleine.fønnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
04.02.2020

Avvisning av klage på endra arealføremål i kommuneplanens arealdel

Administrativt vedtak. Saknr: 137/20

Tiltak: Klage på arealstatus
Byggjestad: Gbnr: 48/9,10 og 11

VEDTAK:

Klage datert 23.12.2019 og 03.01.2020 vert avvist med heimel i fvl. 33, då klagen ikkje gjeld eit enkeltvedtak, jf. fvl. § 28 1.ledd.

Saka gjeld:

Alver kommune viser til klage datert 23.12.2019 og 03.01.2020 på klage på arealstatus på gbnr. 48/11 i Alver kommune.

I klagen kjem det fram at eigar er av den oppfatning at eigedomen har fått endra arealføremål frå fritidsbustad til LNF.

Vurdering:

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller anna med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordna det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav er eit enkeltvedtak eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personen». Etter ein gjennomgang av klaga finn kommunen at det vert klaga på arealstatus på gbnr. 48/11 i arealdelen til kommunedelplan for Lindås.

Endring av arealstatus er ikkje eit enkeltvedtak. Resultatet av arealstatus har forankring i ein kommuneplanprosess etter plan- og bygningslova kap. 11.

Det er ikkje adgang til å klage på kommunestyrets vedtak om kommuneplan, jf. pbl. § 11-15.

Planane leggst ut på 1.- og 2. gongshøyring før dei vert vedteke i kommunestyre. Dette vert gjort for at det skal vere mogleg å komme med innspel før endeleg vedteken plan.

Klagar er ikkje heimelshavar på eigedomen og har ikkje rettsleg klageinteresse. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er sendt inn noko fullmakt eller anna dokumentasjon på at klagar kan opptre på vegne av heimelshavar. Uavhengig av det, er ikkje endring av arealstatus gjennom ein kommuneplanprosess eit enkeltvedtak som kan klagast på.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:
Rune Stavnes